



Hordaland fylkeskommune  
01 NOV 2016

Hordaland Fylkeskommune,  
Fylkesrådmannen  
Agnes Mowinckels gate 5  
5008 Bergen

Vår ref.

Dykkas ref.

Dato: 28.10.16

**SAK: Hardanger AKS AS – søknad om styrking av egenkapitalen.**

Situasjonen for Hardanger Aks as torer vere kjent for dykk frå årsmelding og rekneskap 2015, handsama i Generalforsamling 22.06.16.

Selskapet og det nye styret har arbeidd intenst for å snu utviklinga i selskapet og er glad for at vi kan legge fram eit positivt resultat per september mnd og prognose for 2016 med positivt resultat.

Likevel er situasjonen for selskapet anstrengt, med tapt egenkapital per 2015/16 og svak likviditet.

I samband med vedteken kapitalutviding i ekstraordinær generalforsamling januar 2015, betalte Samnanger kommune og Hordaland Fylkeskommune inn sin del av den vedtekte kapitalutvidinga, med høvesvis 90.000 kr og 365.000 kr (samla 455.000 kr). Kvam herad betalte ikkje inn sin andel (455.000 kr), då føresetnaden for kapitalutvidinga fall bort. (Overtaking av Norheim Industri Service (NIS), som i mellomtida gjekk konkurs). Dei innbetalte midlane gjekk imidlertid med til å delvis dekke underskotet for 2015. I balansen for selskapet står desse midlane i dag oppført som gjeld til eigarane. Selskapet vil få alvorlege vanskar om desse midlane må attendebetalast.

I samsvar med vedteken eigarstrategi i Kvam Herad, har Selskapet gjennomført eigarmøte med leiinga i Kvam Herad og Kvam Formannskap. Ein konklusjon frå møta er at Selskapet søker Kvam Herad om at dei betaler inn sin del av den planlagde kapitalutvidinga. Dette under føresetnad at dei innbetalte summene frå Samnanger Kommune og Hordaland Fylkeskommune vert ståande i selskapet. Aksjekapitalutvidinga, styrkinga av egenkapitalen, samt fordelinga av eigarskapen i selskapet vert då som føreset i den ekstraordinære generalforsamlinga i 2015. (91 aksjar til Kvam Herad, 18 aksjar til Samnanger Kommune, 73 aksjar til Hordaland Fylkeskommune.)

For å styrke Selskapet sin likviditet har vi og søkt Kvam Herad om garanti for lån på 12,4 mill kr. Slik garanti vil omlag halvere Selskapet sine lånekostnader.

Vi vonar de som eigarar av verksemda vil vere positive til denne løysinga, noko som vil setje selskapet i stand til ytterlegare å konsolidere si drift og ha rygg for å utvikle nye forretningsområder.

Selskap og styre stiller gjerne opp på møte for å orientere nærare, om det er trong for det.

Vedlegg:


1. Resultatregneskap per sept. Mnd
2. Balanse per 31.12.15
3. Søknad til Kvam Herad om styrking av eigenkapital og garanti for lån, dat 25.10.16.eradHer

Med venleg helsing



Knut Terje Rekve

Styreformann



Steinar Langenes

Dagleg leiar